



Referansar: KM 2/14, 05/15, KR 32/13, 31/14, 60/14, 04/15, 48/15, KR 21/16, BM 24/14, NFG 14/14, 23/14, 11/15, 06/16, 13/16, LMU 40/15, 01/16, BM 22/16, 42/16, KR 38/16, 52/16, KM 04/17, NFG 5/1, 13/17, 18/17.

**Arkivsak:** 17/03186-2

## Liturgisk musikk - Allmenn serie 2

### Samandrag

Saksdokumentet gjer greie for prosessen som har funne stad etter Kyrkjemøtet 2017. I tillegg til at dokumentet presenterer og grunngir forslag til vedtak, synleggjer det korleis Hovudserie 2 har vorte omarbeidd etter Kyrkjemøtet 2017, slik at serien no svarer til det Kyrkjemøtet ba Kyrkjerådet om i 04/17 Fastsetjing av liturgisk musikk.

Etter vedtaket i Kyrkjemøtet i januar 2017, har Kyrkjerådet rådført seg med Liturgisk musikkutval (LMU) og ei utvida referansegruppe. Nemnd for gudstenesteliv har vedteke ein heilskapleg hovudserie som står støtt i den rytmiske musikktradisjonen, og som i stil skiljer seg tydeleg frå dei to andre hovudseriane. Kyrie har fått ei trinitarisk utforming.

### Forslag til vedtak

1. Kyrkjerådet vedtek Hovudserie 2, som inneheld desse fire ledda:
  - Kyrie/ Bønerop -av Mari Tesdal Hinze,
  - Gloria/ Lovsong - av Magnus Beite,
  - Sanctus/ Heilag – av Torbjørn Dyrud,
  - Agnus Dei/ Du, Guds Lam – av Tore W. Aas.
2. Saken blir oversendt Bispemøtet for læremessig uttalelse.

# Saksorientering

## Bakgrunn

Ei mengd musikalske variantar av liturgisk musikk har vore til utprøving innanfor Den norske kyrkja i løpet av dei siste ti åra. Etter høyringa på gudstenestereformen, som fann stad i 2008-2009, vedtok Kyrkjemøtet i 2010 at utprøvinga av liturgisk musikk skulle halde fram enda nokre år, også etter at liturgien elles var vedteken. Samlepermen *Liturgisk musikk for Den norske kyrkja* kom ut i 2011, og inneheldt ei rekkje seriar og enkeltledd med liturgisk musikk. I tillegg var det mange kyrkjemusikarar og andre som komponerte eigne seriar med liturgisk musikk til bruk i hovudgudstenesta. I føreordet til permen som kom ut i 2011, les vi mellom anna: «Når Kirkerådet sender dette omfattende materialet til utprøving i menighetene, skjer det med tanke på en senere evaluering av musikken.»

Liturgisk musikkutval (LMU) vart sett ned av Nemnd for gudstenesteliv (NFG) i 2014, for å arbeide fram eit forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta, og for å vurdere musikken som hadde vore prøvd ut før og under gudstenestereformen. LMU fekk òg i oppgåve å vurdere materialet i erfaringsinnhentinga utvalet sjølv initierte i 2015, og materialet som kom inn gjennom høyringa på liturgisk musikk hausten 2015. LMU hadde relevante fagartiklar å stø seg på, mellom anna forskningsrapporten «Noe falt i god jord- den norske kirkes gudstjenestereform sett fra menighetsnivå» (KIFO-rapport 2013:2), utvalde artiklar frå «Gudstjeneste á la carte: Liturgireformen i Den norske kirke» (Verbum akademisk 2015. Red Anne Haugland Balsnes mfl.)

Etter vedtak i Nemnd for gudstenesteliv, Kyrkjerådet og Bispemøtet i løpet av 2016, gjekk saka til Kyrkjemøtet 2017. Som vi alt har sett, gjorde Kyrkjemøtet i sak KM 04/ 17 Fastsetjing av liturgisk musikk vedtak om å sende Allmenn 2, eller *Hovudserie 2*, tilbake til Kyrkjerådet.

I merknadene frå Komité B, som arbeidde med KM 04/17 under Kyrkjemøtet, les vi mellom anna dette om Hovudserie 2:

Kyrkjemøtet ønskjer å få utarbeidd ein ny, heilskapleg serie, eventuelt ein endra serie (...). Komiteen vil understreke at Allmenn 2 må stå fram som ein god og heilskapleg hovudserie i sin stil, slik Allmenn 1 og Allmenn 3 gjer det. Til dømes bør truleg Gloria arbeidast ut på nytt. Forslaget som ligg føre, og fleire av alternativa i liturgipermen, ligg for nære opp til den klassiske liturgitradisjonen. Skifte i takt og puls gjer det vanskeleg å skape den flyten som er naudsynt for eit enkelt rytmisk komp. [...] Komité B ønskjer ein meir gjennomarbeidd Allmenn 2, framleis i rytmisk stil og med enkle melodiar, lagt til rette for bandkomp.

### Arbeid fram mot første handsaming i Nemnd for gudstenesteliv

Etter Kyrkjemøtet 2017 vende Kyrkjerådet seg til ei referansegruppe på om lag 20 personar, med spørsmål knytt til liturgisk musikk i rytmisk tradisjon. Målet med å knyte til seg dette knippet av referansepersonar har vore, openberrrt, å finne fram til ein heilskapleg Hovudserie 2 i rytmisk stil, som kan svare på tinginga frå både Kyrkjemøtet 2015 og Kyrkjemøtet 2017.

Dei samla tilbakemeldingane frå referansepersonane gjekk heilt tydeleg i retning av å framleis halde på Kyrie/ Bønnerop av Mari Tesdal Hinze og Agnus Dei/ Du, Guds Lam av Tore W. Aas, som begge allereie var del av den Allmenn 2 som Kyrkjemøtet 2017 handsama. Like tydeleg var referansegruppa sin respons på at Gloria/Lovsong og Sanctus/ Heilag ikkje svarte til det KM no hadde bede om når det gjeld ein ny Allmenn 2, eller Hovudserie 2. Mange av referansepersonane heldt fram kvaliteten i Sanctus-leddet spesielt, av Odd Johan Overøye. Samstundes, på spørsmålet om det var nokre av de fire ledda i Allmenn 2 ein kunne tenke seg å gi plass til i ein ny Hovudserie 2, gitt den nye tinginga frå KM 2017, kom det klart fram at Kyrie og Agnus Dei var ønska blant referansepersonane, medan dei to andre ledda ikkje vann fram.

Nemnd for gudstenesteliv fekk oversendt Liturgisk musikkutval sine vurderingar til nemnda sitt møte i mars 2017 og anbefalte at Kirkerådet lyser ut en konkurranse, der ein ber komponister sende inn ny liturgisk musikk (NFG 13/17).

### **Arbeid fram mot andre handsaming i NFG**

Ei tinging for å finne fram til ny Gloria og ny Sanctus gjekk ut i april 2017, med frist på ein månad. Innan fristen fekk Kyrkjerådet inn forslag frå 21 ulike låtskrivarar og komponistar, dei aller fleste av desse leverte bidrag til både nytt Gloria og nytt Sanctus. Ingen av bidraga fekk støtte i referansegruppa og ein rådde til at Kyrkjerådet skulle ta kontakt med nokre få einskilde komponistar, og tinge ny Gloria og ny Sanctus.

Det viste seg raskt at referansegruppa i hovudsak *ikkje* støtta valet av nytt Gloria, og det var ingen av Sanctus-satsane som fekk gode tilbakemeldingar frå mange.

Nemnd for gudstenesteliv vedtok i NFG 13/2017 Liturgisk musikk i rytmisk tradisjon å utsette saka og ba «leder og sekretær i Liturgisk musikkutvalg nedsette et hurtigarbeidende utvalg for å levere et forslag til hovedserie 2 før NFG-møtet 16. august» (pnkt 3).

### **NFG si innstilling til Hovudserie 2**

Leiar og sekretær i LMU sette ned eit arbeidsutval som skulle arbeide fram nye forslag til Gloria og Sanctus og det blei tatt kontakt med to av komponistane/ låtskrivarane som hadde levert bidrag til liturgisk musikk tidlegare. Begge komponistane leverte raskt og godt. LMU og referansegruppa fekk tilsendt musikken, LMU-AU si vurdering og nokre spørsmål knytt til denne.

Hovudserie 2 oppfyller kriteria Liturgisk musikkutval har arbeidd etter, og kriteria som har kome fram under dei siste kyrkjemøtene som har handsama sak om liturgisk musikk. Den liturgiske musikken i Hovudserie 2:

- ligg godt til rette for felles sang i forsamling
- har godt samsvar mellom tekst og musikk, god tekstdeklamasjon og god tekstflyt i kvart enkelt ledd
- er ein gjennomarbeidd og heilskapleg serie i rytmisk tradisjon
- vil truleg ha slitestyrke
- skiljer seg tydeleg frå Hovudserie 1 og 3
- er veileigna og skreddarsydd for band, fungerer godt på orgel, og for band og orgel i samspel
- har rytmisk driv i alle satsar, supplert med harmonisk og melodisk framdrift og løft
- har melodiar som truleg vil vere lett tilgjengelege for kyrkjelyden og lett vil legge seg på minnet hos mange
- har ein «hook» - ein musikalsk idé, ei frase eller ein passasje, som «fangar øyret»
- har ein tydeleg puls, og ingen taktskifter innad i det enkelte ledd
- har kvalitetar som gjer at han vil fungere optimalt i den liturgiske konteksten

Når det gjeld felles sang i denne tradisjonen vil stemmeomfanget, ambitus, i felles sang gjerne halde seg gjerne litt under det vi ofte finn i dei klassiske kyrkjemusikalske melodiane, og dette omsynet er ivareteke i Hovudserie 2.

Nokre detaljar kring vurderinga av det enkelte ledd i serien:

Kyrie/ Bønnerop av Hinze har lenge peika seg ut som eit Kyrie som høver særst godt i den rytmiske hovudserien. Teksten og musikken samsvarer godt. Det er ein sterk relasjon til teksten her, «Kyrie eleison, miskunna deg, Gud, over oss, Kriste eleison (...)» I dialog mellom komponisten og Kyrkjerådet har no leddet fått ei trinitarisk form.

Gloria/ Lovsong av Magnus Beite uttrykker glede og lovsong. Melodien kan seiast å vere umiddelbar og lett tilgjengeleg, og har ein «hook», han har noko ved seg, som vi lenge har vore på leit etter i Gloria-leddet. Musikken har spanande harmoniske vendingar. Kyrie og

Gloria står godt til kvarandre og utgjer ein heilskap, samstundes som dei har den naudsynte kontrasten seg i mellom.

Sanctus/ Heilag av Torbjørn Dyrud kan seiast å ivareta den kyrkjelege tradisjonen for oppbygging av Sanctus-leddet. «Heilag, Heilag, Heilag» er høgtidssamt og markerer det som tradisjonelt sett er høgdepunktet i den kristne gudstenesta. «velsignet vere han (...)» er meir neddempa i tonespråket, før vi bryt ut i lovsong på det siste «Hosianna i det høgste!»

Agnus Dei/ Du, Guds Lam av Tore Wilhelm Aas er eit stykke liturgisk musikk som har stått sterkt gjennom mange år allereie. Både i forskningsrapportar og i høyringa har Tore Aas sin musikk fått gode skussmål, og det er særleg denne satsen som har kome best ut av hans satsar, i høyringa 2015, og i handsaminga i LMU og referansegruppa. Satsen har melodiske kvalitetar som gjer at den står fram, og musikken samsvarer godt med den liturgiske konteksten som satsen er skriven til.

NFG handsama saka om Hovudserie 2 i sitt møte 16. august, og seier mellom anna dette i NFG 18/2017 Liturgisk musikk i rytmisk tradisjon:

Arbeidsutvalget i Liturgisk musikkutvalg (LMU-AU) la fram to alternativ til Gloria- og Sanctusleddene (alternativ A og B).

Nemnda sang flere ganger igjennom disse alternativene, sammen med de to leddene (Kyrie og Agnus Dei) som allerede var vedtatt i NFG. NFG uttrykte glede over at musikken i både A- og B-alternativet svarte til bestillingen fra Kirkemøtet og at begge er gode alternativer.

LMU-AU hadde på forhånd anbefalt alternativ AA. Etter en grundig diskusjon - og med forslag til mulige justeringer i musikken som kan tas med i redigeringsarbeidet sammen med komponistene – gikk NFG inn for at Gloria hentes fra forslag B og Sanctus fra forslag A.

**Vedtak:** Nemnd for gudstjenesteliv vedtar følgende ledd til Hovedserie 2 med liturgisk musikk i rytmisk tradisjon:

- 1 Kyrie av Mari Tesdal Hinze
- 2 Gloria av Magnus Beite
- 3 Sanctus av Torbjørn Dyrud
- 4 Agnus Dei av Tore W. Aas

Enstemmig vedtatt.

## Økonomiske/administrative konsekvensar

Viser til det som allereie ligg av økonomiske/ administrative konsekvensar i sak KM 04/17.